



HELLEBAKKEN 45
5039 BERGEN
TELEFON: 55 39 29 50
FAKS: 55 39 29 59
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Meland kommune
Havnevegen 41,
5918 FREKHAUG

Vår ref.: 10-2/17-LET

Dykkar ref.: 16/2830 – 17/18780

Dato: 16.10.2017

HØYRINGSUTTALE ANG. OFFENTLEG ETTERSYN – RULLERING AV TEMAPLAN FOR IDRETT, FOLKEHELSE OG FRILUFTSLIV 2014-2019 PÅ DELTEMA PARKERINGSPLASSAR, RASTEPLASSAR OG UTSIKTSPUNKT, MELAND KOMMUNE

På eit generelt grunnlag har Meland kommune teke godt omsyn til friluftslivsaspektet i planen «*Rulling av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019*» på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt. Det er flott at kommunen ser samanhengen mellom offentleg tilgjengeleg parkeringsareal og friluftsliv, gjerne i kombinasjon med andre behov. Den nye parkeringsplassen ved Varnappen friluftsområde på Knarvik er eit flott døme på sambruk av parkeringsareal for ålmenta. BOF synst forøvrig me har eit flott samarbeid med Meland kommune og leiar av kultur (mfl.), om opparbeiding og utvikling av friluftsområde i kommunen.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgåve å sikre, leggje til rette for, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområder i Bergensregionen. Rådet, som vart etablert i 1937, har totalt 17 medlemskommunar: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Kvam, Radøy, Sund, Tysnes, Samnanger, Vaksdal og Øygarden. Rådet forvaltar over 235 friluftsområder med eit samla areal på over 36.000 dekar. Friluftsrådet vert leia av eit styre med representantar frå medlemskommunane.

Eit par konkrete innspel:

S. 10 i plandokumentet «*Utsiktpunkt, rasteplassar og parkeringsplassar knytt til friluftsområde*»

Rylandsneset friområde

Friområdet på Rylandsneset (Lunden) har ei viktig historie og sentral posisjon i bygda. Området har gjennom åra vore nytta av nærmiljø og skule til rekreasjon, leik og undervising, men utvikling av området vert avgrensa av mellom anna tilkomst og parkering. Området grenser i sør mot det pågående planarbeidet ved Rylandshøgda.

Tiltak: Setje av areal i planarbeid for parkering og tilkomst for friområdet.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar/næringsliv/organisasjonsliv

Prioritering: Middels – planarbeid pågår. Utvikling av friområdet står i samband med utviklinga i nærområda.

Rylandsneset friluftsområde (lokalt òg namngjeve Lunden). Friluftsområdet er per i dag lite tilrettelagd for ålmenta. I samarbeid med igangsetting av områdeplan for Rylandshøgda (ref. 16/928 – 16/9950) anbefalar BOF at det vert prioritert særskilt høgt å sikre areal for parkeringsplass til friluftsområdet. Ein felles parkeringsareal vil styrke det eksisterande planarbeidet for området, samt stimulere betre utvikling (tilrettelegging) i sjølve friluftsområdet. Området er statleg sikra. Difor vil området kvalifisere til å få tilretteleggingsmidlar (til ein del tiltak) frå statleg hald. BOF trur dette vil bidra til ein vinn-vinn situasjon for alle partar, utan særleg meirkostnad, om ein lagar ålmenn parkeringsplass samtidig som ein utviklar nærområdet.

S. 13 i plandokumentet «*Utsiktspunkt, rastepllassar og parkeringspllassar knytt til friluftsområde*»

6. Eksisterande parkeringsplassar, aktuelle for nye tiltak og utbetringar i planperioden

Fløksand friområde

Badeplassen på Fløksand er ein av dei mest populære utfartsmåla i kommunen på godværsdagar i sesong. Parkeringsarealet og trafikksituasjonen er pressa, og avkøyringa mellom fv 249 og Fløksandsvegen bidreg til trafikkfarlege situasjonar.

Tiltak: Følgje opp i samband med vegplanlegging.

Gjennomføring: Kommune

Prioritering: Middels – høva for reell utbetring avhenger av vegplanarbeidet

Parkeringsplassen på Fløksand har for liten kapasitet på gode badedagar. Det bør eventuelt sikrast areal/setjast krav om utviding av parkeringsplass i samband med vegplanarbeidet i området. Dette vil vere svært positivt for friluftsinteressene. BOF vonar kommunen vil prioritere dette høgt i den forstand at det vil verta fulgt tett opp i dialog med Statens Vegvesen og andre aktørar, når arbeidet med vegplanen for området vert planlagd og utført. Igjen kan ein få ei god løysing som ikkje nødvendigvis vil kreve særskild meirkostnad, sett ut frå eit økonomisk perspektiv, men som vil gagne friluftsinteressene på ein god måte.

Parkeringsplass som manglar

Ein framtidig parkeringsplass som manglar i plandokumentet er parkeringsplassen i Elvavika (Haltejohansvika) friluftsområde, Frekhaugmarka. Dette området har blitt godt tilrettelagd dei siste åra, i tett samarbeid med Frekhaugmarka Vel. Området er populært og mykje nytta av ålmenta. Her finst det gode turvegar, samt td. frisbeegolfbane og gapahuk. Diverre manglar friluftsområdet ein offentleg parkeringsmoglegheit. I gjeldande reguleringsplan er det skissert opp ein potensiell lokalitet (sjå Figur 1 på neste side) for parkeringsareal, som per i dag ligg utanfor dagens sikra areal for friluftsliv. BOF vil anbefale kommunen å ta denne inn i planen, samt forsøke å sikre seg arealet (enten som vist på Figur 1 eller ein anna stad i den same parsellen), slik at det her vert mogleg å få i stand eit parkeringsareal. Det vil vere særskilt positivt for friluftslivet i området.

SITUASJONSKART

Gnr/Bnr: Gbnr 23/501

Adresse:

Eigar/søkar:

Kvalitet :

Målestokk: 1:3000

Dato: 30.11.2015

MELAND
KOMMUNE




Gjeldande plan : Reguleringsplan
Planformål : Ballbinge/friområde

Vår referanse:

Sign.....

Gjerde
Usikker eigedomsgrense
Målt eigedomsgrense

Bolighus
Andre bygg



SITUASJONSPLAN



Tiltak

Underskrift Situasjonsplan

Dato

Figur 1: Situasjonskart over gjeldande reguleringsplan i Elvavika friluftsområde. Ønskja parkeringsareal er teikna inn med mørkegrått.

Med venleg helsing
Bergen og Omland Friluftsråd

Åge A. Landro
Administrativ leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.